



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Fjalerhuset - kommunestyresalen
Dato:	11.12.2025
Tid:	Kl. 08:30

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Nygaard, Kjersti Engvik	AP
Vagstad, Jostein	AP
Jarstad, Jostein	H
Myklebust, Kai Ronny	H
Sande, Elisabeth Boge	H
Stenseth, Svein-Martin Hovland	MDG
Taylor, Mark	MDG
Eimind, Marthe	SP
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Grytøyra, Maren	SP
Lammetun, Hans André	SP
Dingsøy, Lene Beate Furset	SV
Ness, Kjetil	SV
Rundberg, Anna-Linnéa	UAVH
Brattelid, Ståle	V
Haugsbakk, Marte	V
Stang, Gunhild Berge	V
Stølen, Christoffer Olai Klenevåg	V

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helle, Arve	AP	Loneland, Geir	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP	Lindelid, Øyvind Olai	AP
Aase, Odd Helge	H	Hjartholm, Bjørn Helge	H

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Felde, Kjetil Høgseth	084/25	Ingen vara innkalla.
Felde, Kjetil Høgseth	085/25	Ingen vara innkalla.

Merknader:

Presentasjonen frå kommunedirektøren vart lagt til som ny referatsak etter møtet.

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
070/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		25/1896
071/25	Godkjenning av protokoll		25/1896
072/25	Referatsaker		25/1896
073/25	Høyringsuttale til framlegg om å redusere nedre grense for grunnrente- og naturressursskatt for vasskraftverk		25/1898
074/25	Mandat for arbeidet med utgreiing av skulestruktur		25/1844
075/25	Politisk møteplan og årshjul for 2026		25/972
076/25	Vedtak av forskrift om avfall frå hushald i deltakarkommunane i SUM		25/1794
077/25	Vedtak av forskrift for tømning av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg for deltakarkommunane i SUM		25/1794
078/25	Trafikktryggingsplan - høyring		24/1732
079/25	Fjordane interkommunale politisk råde - vidareføring av Fjordane IPR		25/1826
080/25	Bergsikring Hatledal - endra finansiering		23/1436
081/25	Alden hamneområde - farvassavgift og sakshandsamingsgebyr 2026		19/1430
082/25	Busetjing av flyktingar 2026		25/1738
083/25	Omdisponering av midlar investeringsbudsjettet		25/1225
084/25	Støtte til Fjordkysten regional og geopark		21/379
085/25	Søknad om støtte frå Jakob Sande - senter for forteljekunst		17/293
086/25	Låneopptak i Husbanken - startlån 2026		25/1690
087/25	Gebyrforskrift renovasjon og slam		25/1794
088/25	Søknad om støtte frå Teaterfestivalen i Fjaler		24/388
089/25	Økonomiske måltal og handlingsreglar 2026-2029		25/1800
090/25	Økonomiplan 2026-2029		25/1225
091/25	Høyring - framtidig tenestetruktur for Vestland tannhelseteneste 2026-2036		25/1751

070/25: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Ordføraren hadde framlegg om at sak 091/25 vart handsama som første sak etter referatsaker.

Røysting: samrøystes

KOM- 070/25 Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

071/25: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 071/25 Vedtak:
Protokollen frå siste møte vert godkjend.

072/25: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunedirektøren

- presentasjon om status drift, budsjett, innsparing, utvikling for året 2025. og plan for 2026.
- Presentasjon for utgreiing av skulestruktur.

Presentasjonen blir lagt til som ny referatsak etter møtet.

Røysting: samrøystes

KOM- 072/25 Vedtak:

Referatsakene vert godkjende.

073/25: Høyringsuttale til framlegg om å redusere nedre grense for grunnrente- og naturressursskatt for vasskraftverk

Ordføraren sitt framlegg:

Kommunestyret i Fjaler ber regjeringa og Finansdepartementet om å:

1. trekke forslaget om å redusere innslagspunktet for grunnrente- og naturressursskatt,
2. vidareføre 10 MV-grensa som eit balansert og velprøvd skilje mellom småkraft og grunnrentepliktig kraftproduksjon,
3. gje NVE klåre føringar om særskilt vurdering av ressursutnytting knytt til nye søknader som ligg opp mot innslagspunktet (10 MV) og
4. invitere KS, Småkraftforeininga med fleire til eit partssamansett arbeid for å gjennomgå rammevilkåra for småkraft, slik at ordningane blir investeringsnøytrale og langsiktige.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med tilleggsframlegg om at ordføraren får fullmakt til å reformulere punkt 3 i vedtaket.

KOM- 073/25 Vedtak:

Kommunestyret i Fjaler ber regjeringa og Finansdepartementet om å:

1. trekke forslaget om å redusere innslagspunktet for grunnrente- og naturressursskatt,
2. vidareføre 10 MV-grensa som eit balansert og velprøvd skilje mellom småkraft og grunnrentepliktig kraftproduksjon,
3. gje NVE klåre føringar om særskilt vurdering av ressursutnytting knytt til nye søknader som ligg opp mot innslagspunktet (10 MV) og
4. invitere KS, Småkraftforeininga med fleire til eit partssamansett arbeid for å gjennomgå rammevilkåra for småkraft, slik at ordningane blir investeringsnøytrale og langsiktige.

074/25: Mandat for arbeidet med utgreiing av skulestruktur

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyre vedtek mandat for arbeid med utgreiing av skulestruktur slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Formannskapet samt ein representant frå SV blir valt til å vere styringsgruppe

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

medlem styringsgruppe, ved/ Felde, Kjetil Høgseth, SP.

Anna Linnèa Rundberg vert vald inn som medlem av styringsgruppa

Nytt framlegg frå AP, SV, V og MDG, ved/ Ness, Kjetil, SV.

- Før utgreiingsarbeidet vert sett i bestilling skal kommunedirektøren legge fram orientering til styringsgruppa om kor vidt endring i skulestruktur vil utløyse klassesdeling.
- Styringsgruppa skal legge fram bestilling om teknisk tilstandsrapport av bygningsmassen.
- Konsekvensar for barnehage i Flekke om skulen vert lagt ned skal vere ein del av rapport.
- Mandatet for utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjoner på Dingemoen.

Røysting:

tilleggsframlegg frå AP, SV, V og MDG:

1. punkt vart vedteke mot 8 røyster (H, Lammetun (SP), Felde (SP), Eimind (SP), Rundberg (UAV))
2. punkt vart vedteke mot 8 røyster (H, Lammetun (SP), Felde (SP), Eimind (SP), Rundberg (UAV))
3. punkt vart vedteke mot 5 røyster (H, Grytøyra (SP)).
4. punkt samrøystes

Kjetil Felde (SP) sitt tilleggsframlegg om val av medlem til styringsgruppa vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegga vart samrøystes vedtek.

KOM- 074/25 Vedtak:

Kommunestyre vedtek mandat for arbeid med utgreiing av skulestruktur slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Formannskapet samt ein representant frå SV blir valt til å vere styringsgruppe.

Før utgreiingsarbeidet vert sett i bestilling skal kommunedirektøren legge fram orientering til styringsgruppa om kor vidt endring i skulestruktur vil utløyse klassesdeling.

Styringsgruppa skal legge fram bestilling om teknisk tilstandsrapport av bygningsmassen.

Konsekvensar for barnehage i Flekke om skulen vert lagt ned skal vere ein del av rapport.

Mandatet for utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjoner på Dingemoen.

Anna Linnèa Rundberg vert vald inn som medlem av styringsgruppa.

075/25: Politisk møteplan og årshjul for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Politisk møteplan og årshjul for 2026 blir godkjent slik den ligg føre.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Endringsframlegg, ved/ Haugsbakk, Marte, V.

Endrar dato på følgende møter:

- Formannskap frå 11.juni til 4.juni
- Kommunestyre frå 25.juni til 18.juni

Røysting: endringsframlegget vart samrøystes vedteke

Røysting: Kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 075/25 Vedtak:

Politisk møteplan og årshjul blir godkjent med følgende endringar i møteplanen:

- Formannskap frå 11.juni til 4.juni
- Kommunestyre frå 25.juni til 18.juni

076/25: Vedtak av forskrift om avfall frå hushald i deltakarkommunane i SUM

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Forslag til ny lokal forskrift om avfall frå hushald i deltakarkommunane i SUM vert vedteke.

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i SUM. Forskrifta gjeld frå den dato då den blir kunngjort i Norsk Lovtidende. Frå same tidspunkt vert gjeldande forskrift oppheva.

Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samstundes med kunngjering i Norsk Lovtidende.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 076/25 Vedtak:

Forslag til ny lokal forskrift om avfall frå hushald i deltakarkommunane i SUM vert vedteke.

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i SUM. Forskrifta gjeld frå den dato då den blir kunngjort i Norsk Lovtidende. Frå same tidspunkt vert gjeldande forskrift oppheva.

Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samstundes med kunngjering i Norsk Lovtidende.

077/25: Vedtak av forskrift for tømning av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg for deltakarkommunane i SUM

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Forslag til ny lokal forskrift for tømning av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg vert vedteke.

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i SUM. Forskrifta gjeld frå den dato då den blir kunngjort i Norsk Lovtidende. Frå same tidspunkt vert gjeldande forskrift oppheva.

Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samstundes med kunngjering i Norsk Lovtidende.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 077/25 Vedtak:

Forslag til ny lokal forskrift for tømning av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg vert vedteke.

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i SUM. Forskrifta gjeld frå den dato då den blir kunngjort i Norsk Lovtidende. Frå same tidspunkt vert gjeldande forskrift oppheva.

Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samstundes med kunngjering i Norsk Lovtidende.

078/25: Trafikktryggingsplan - høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek å legge trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2025-2029 ut på høyring.

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 064/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å legge trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2025-2029 ut på høyring.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Endringsframlegg og tilleggframlegg, ved/ Haugsbakk, Marte, V

Endringsframlegg: Kommunestyret vedtek å legge trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2026-2029 ut på høyring.

Tilleggsframlegg: Fjaler Kommune søker om at 40 sona på Dingemoen vert forlenga til ein har passert Åsesvingen. Det vert også føreslått og søkt om å få på plass trafikklys som kan aktiverast av gåande og syklande, slik at køyrande blir varsla om at det er mjuke trafikantar i vegen.

Det blei gjort merksam på feil årstal for planen. Det rettast til 2026 - 2029.

Røysting: tilleggspunktet vart samrøystes vedteke.

Røysting: Formannskapet sitt framlegg med tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

KOM- 078/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å legge trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2026-2029 ut på høyring. Fjaler Kommune søker om at 40 sona på Dingemoen vert forlenga til ein har passert Åsesvingen. Det vert også føreslått og søkt om å få på plass trafikklys som kan aktiverast av gåande og syklande, slik at køyrande blir varsla om at det er mjuke trafikantar i vegen.

079/25: Fjordane interkommunale politisk råde - vidareføring av Fjordane IPR

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Fjaler kommune vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Fjaler kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 079/25 Vedtak:

1. Fjaler kommune vedtek å vidareføre deltakinga i Fjordane interkommunale politiske råd (IPR).
2. Fjaler kommunen godkjenner den reviderte samarbeidsavtalen for Fjordane IPR.

080/25: Bergsikring Hatledal - endra finansiering

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune oppdaterer konkurransegrunnlag for bergsikring, lyser ut konkurranse, og gjennomfører sikringstiltak for sine eigedomar i området Hatledalsvegen, Fjellvegen og Dalsåsvegen i samsvar med geologisk rapport.

I området mellom Fjellvegen og Dalsåsvegen vert det gjennomført skogrydding og utvoksen skog som har potensiale for å bli rotvelt vert fjerna eller stabilsert.

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 065/25 Vedtak:

Fjaler kommune oppdaterer konkurransegrunnlag for bergsikring, lyser ut konkurranse, og gjennomfører sikringstiltak for sine eigedomar i området Hatledalsvegen, Fjellvegen og Dalsåsvegen i samsvar med geologisk rapport.

I området mellom Fjellvegen og Dalsåsvegen vert det gjennomført skogrydding og utvoksen skog som har potensiale for å bli rotvelt vert fjerna eller stabilsert.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 080/25 Vedtak:

Fjaler kommune oppdaterer konkurransegrunnlag for bergsikring, lyser ut konkurranse, og gjennomfører sikringstiltak for sine eigedomar i området Hatledalsvegen, Fjellvegen og Dalsåsvegen i samsvar med geologisk rapport.

I området mellom Fjellvegen og Dalsåsvegen vert det gjennomført skogrydding og utvoksen skog som har potensiale for å bli rotvelt vert fjerna eller stabilsert.

081/25: Alden hamneområde - farvassavgift og sakshandsamingsgebyr 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek farvassavgift 2026 og sakshandsamingsgebyr 2026 for Alden hamneområde.

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 066/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek farvassavgift 2026 og sakshandsamingsgebyr 2026 for Alden hamneområde.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 081/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek farvassavgift 2026 og sakshandsamingsgebyr 2026 for Alden hamneområde.

082/25: Busetjing av flyktningar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune tek imot 10 flyktningar i 2026

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 068/25 Vedtak:

Fjaler kommune tek imot 10 flyktningar i 2026

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 082/25 Vedtak:

Fjaler kommune tek imot 10 flyktningar i 2026

083/25: Omdisponering av midlar investeringsbudsjettet

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Investeringsmidlar avsatt til prosjekta i tabellen under vert omdisponert til nytt prosjekt
Kommunedelplan Dale

Prosjektkode	Prosjekt (T)	Investeringsbeløp u/mva	mva	Investeringsbeløp m/mva
2161	Områderegulering Dale	kr 400 000	kr 100 000	kr 500 000
2309	Tettstadprosjekt Dale	kr 399 800	kr 99 950	kr 499 750

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 072/25 Vedtak:

Investeringsmidlar avsatt til prosjekta i tabellen under vert omdisponert til nytt prosjekt
Kommunedelplan Dale

Prosjektkode	Prosjekt (T)	Investeringsbeløp u/mva	mva	Investeringsbeløp m/mva
2161	Områderegulering Dale	kr 400 000	kr 100 000	kr 500 000
2309	Tettstadprosjekt Dale	kr 399 800	kr 99 950	kr 499 750

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 083/25 Vedtak:

Investeringsmidlar avsatt til prosjekta i tabellen under vert omdisponert til nytt prosjekt
Kommunedelplan Dale.

Prosjektkode	Prosjekt (T)	Investeringsbeløp u/mva	mva	Investeringsbeløp m/mva
2161	Områderegulering Dale	kr 400 000	kr 100 000	kr 500 000
2309	Tettstadprosjekt Dale	kr 399 800	kr 99 950	kr 499 750

084/25: Støtte til Fjordkysten regional og geopark

Ugilde

Følgjande varamedl.
møtte

Merknad

Felde, Kjetil Høgseth

Ingen vara innkalla

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune løyver ikkje midlar til Fjordkysten regional og geopark.

Dersom politikarane finn midlar for 2026 må ein også seie noko om ein skal gå inn i avtalen eller ikkje då dette bind oss fram til 01.01. 2030.

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er styreleiar i Fjordkysten regional og geopark.

Felde tredde frå møtet under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Røysting: formannskapet vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e.

Hans André Lammetun (SP) møtte som vara i handsaming av saka.

Endringsframlegg, ved/ Espedal, Leif Jarle, AP

Fjaler kommune løyver ikkje midlar til Fjordkysten regional og geopark 2026.

Formannskapet ber kommunedirektøren om å innhente informasjon med plan som gjer at ein kan behalde UNESCO statusen til kommunestyremøtet 11. desember 2025

Røysting felles endringsframlegg frå formannskapet: samrøystes

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg med felles endringsframlegg vart samrøystes vedteke

FOR- 069/25 Vedtak:

Fjaler kommune løyver ikkje midlar til Fjordkysten regional og geopark 2026.

Formannskapet ber kommunedirektøren om å innhente informasjon med plan som gjer at ein kan behalde UNESCO statusen til kommunestyremøtet 11. desember 2025.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er styreleiar i Fjordkysten regional og geopark.

Felde gjekk frå møtet under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Røysting: kommunestyret vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e.

Ingen vara innkalla for Felde under handsaming av saka.

Framlegg frå AP, SV, V og MDG, ved/ Haugsbakk, Marte, V

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 26. februar 2026.

Kommunedirektøren blir bedd om å avklare følgjande punkt:

- Om Fjaler kommune sitt eventuelle bidrag til Jakob Sande-senteret for forteljarkunst, Fjaler kommune sitt episenter, kan reknast som ei indirekte støtte til Fjordkysten regional- og geopark.
- Kva dei andre kommunane vedtek, og kva konsekvensar dette vil få for Fjaler.

Eventuell løyving i februar 2026 skal takast frå dispensasjonsfondet.

Røysting: utsettingsframlegg frå AP/SV/V og MDG vart samrøystes vedteke.

KOM- 084/25 Vedtak:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 26. februar 2026.

Kommunedirektøren blir bedd om å avklare følgjande punkt:

- Om Fjaler kommune sitt eventuelle bidrag til Jakob Sande-senteret for forteljarkunst, Fjaler kommune sitt episenter, kan reknast som ei indirekte støtte til Fjordkysten regional- og geopark.
- Kva dei andre kommunane vedtek, og kva konsekvensar dette vil få for Fjaler.

Eventuell løyving i februar 2026 skal takast frå dispensasjonsfondet.

085/25: Søknad om støtte frå Jakob Sande - senter for forteljekunst

Ugilde

Felde, Kjetil Høgseth

Følgjande varamedl. møtte

Merknad

Ingen vara innkalla.

Kommunedirektøren sitt framlegg

Fjaler kommune løyver ikkje midlar til Jakob Sande – senter for forteljekunst i 2026

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Habilitet:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan kona er styreleiar i Fjordkysten regional og geopark.

Felde tredde frå møtet under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Røysting: formannskapet vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav b.

Hans André Lammetun (SP) møtte som vara i handsaming av saka.

Tilleggsframlegg, ved/ Espedal, Leif Jarle, AP

Ordførar arbeider vidare med alternative finansieringsløyningar.

Røysting: felles tilleggsframlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 070/25 Vedtak:

Fjaler kommune løyver ikkje midlar til Jakob Sande – senter for forteljekunst i 2026.

Ordførar arbeider vidare med alternative finansieringsløyningar.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Kjetil Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan kona er styreleiar i Jakob Sande selskapet.

Felde tredde frå møtet under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Røysting: formannskapet vedtok samrøystes at Felde er inhabil jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav b.

Ingen vara innkalla for Felde under handsaming av saka.

Framlegg frå AP, SV, V og MDG, ved/ Haugsbakk, Marte, V

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 26. februar.

Kommunestyret ber kommunedirektøren og ordføraren kalle inn til eit møte med Jakob Sande - senteret for forteljarkunst for å avklare ulike finansieringsalternativ.

Eventuell løyving i februar 2026 skal takast frå dispensasjonsfondet.

Røysting: utsettingsframlegg frå AP, SV,V og MDG vart samrøystes vedteke.

KOM- 085/25 Vedtak:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 26. februar.

Kommunestyret ber kommunedirektøren og ordføraren kalle inn til eit møte med Jakob Sande - senteret for forteljarkunst for å avklare ulike finansieringsalternativ.

Eventuell løyving i februar 2026 skal takast frå dispensasjonsfondet.

086/25: Låneopptak i Husbanken - startlån 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune tek opp lån i Husbanken på 5 millionar kroner for 2026, for vidare utlån som startlån.

Kommunedirektøren gjennomfører låneopptaket, jf økonomireglementet kap 4.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 086/25 Vedtak:

Fjaler kommune tek opp lån i Husbanken på 5 millionar kroner for 2026, for vidare utlån som startlån.

Kommunedirektøren gjennomfører låneopptaket, jf økonomireglementet kap 4.

087/25: Gebyrforskrift renovasjon og slam

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek gebyrforskrift renovasjon og gebyrforskrift slam for 2026.

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 067/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyrforskrift renovasjon og gebyrforskrift slam for 2026.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 087/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyrforskrift renovasjon og gebyrforskrift slam for 2026.

088/25: Søknad om støtte frå Teaterfestivalen i Fjaler

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Det vert ikkje løyvt midlar til Teaterfestivalen i Fjaler i 2026

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 071/25 Vedtak:

Det vert ikkje løyvt midlar til Teaterfestivalen i Fjaler i 2026.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 088/25 Vedtak:

Det vert ikkje løyvt midlar til Teaterfestivalen i Fjaler i 2026.

089/25: Økonomiske måltal og handlingsreglar 2026-2029

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret vedtek at følgjande økonomiske måltal skal vere oppnådd innan 2029

Måltal	2026-2029
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2%
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	5%
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	90%

2. Kommunestyret vedtek følgjande handlingsreglar knytt til utvikling av lånegjelda til kommunen:

- I perioden 2026-2029 skal årlege låneopptak gjennomsnittleg over 2 år ikkje vere større enn kva kommunen betalar i årlege avdrag på låneportefølja
- I same periode skal det samla sett ikkje vere netto auke i lånegjelda til kommunen.

3. Det skal rapporterast på den økonomiske utviklinga og måltala i samband med framlegging av årsmeldinga til kommunen kvart år.

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 073/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at følgjande økonomiske måltal skal vere oppnådd innan 2029:

Måltal	2026-2029
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2%
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	5%
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	90%

2. Kommunestyret vedtek følgjande handlingsreglar knytt til utvikling av lånegjelda til kommunen:

- I perioden 2026-2029 skal årlege låneopptak gjennomsnittleg over 2 år ikkje vere større enn kva kommunen betalar i årlege avdrag på låneportefølja
- I same periode skal det samla sett ikkje vere netto auke i lånegjelda til kommunen.

3. Det skal rapporterast på den økonomiske utviklinga og måltala i samband med framlegging av årsmeldinga til kommunen kvart år.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 089/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at følgjande økonomiske måltal skal vere oppnådd innan 2029:

Måltal	2026-2029
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2%
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	5%
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	90%

2. Kommunestyret vedtek følgjande handlingsreglar knytt til utvikling av lånegjelda til kommunen:

- I perioden 2026-2029 skal årlege låneopptak gjennomsnittleg over 2 år ikkje vere større enn kva kommunen betalar i årlege avdrag på låneportefølja
- I same periode skal det samla sett ikkje vere netto auke i lånegjelda til kommunen.

3. Det skal rapporterast på den økonomiske utviklinga og måltala i samband med framlegging av årsmeldinga til kommunen kvart år.

090/25: Økonomiplan 2026-2029

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret vedtar økonomiplan 2026-2029 slik han er lagt fram.
2. Økonomiplanen sitt første år gjeld som årsbudsjett for 2026
3. Kommunestyret vedtar driftsbudsjett 2026 i samsvar med skjema § 5-4, Bevilgningsoversikt - drift 1. og 2. ledd
4. Kommunestyret vedtar investeringsbudsjett 2026 i samsvar med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt investering, 1. og 2. ledd
5. Kommunestyret vedtek eit låneopptak pål. kr 15,100 mill til å finansiere investeringsprogrammet for 2026
6. Kommunedirektøren har mynde til å gjennomføre låneopptak jamfør økonomireglementet til Fjaler kommune
7. Gebyrsatsar vert vedteke jamfør gebyrliste i økonomiplan 2026-2029
8. I medhald til eigedomsskattelova (eskl) §§ 2 og 3 vert de skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen
9. Grunna ny almenn taksering av alle eigedomar i kommunen vert det i medhald til eigedomsskattelova §11-13 lagt fram eiga sak om fastsetting av promillestasar for skatteåret 2026 i kommunestyret i februar 2026

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 074/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar økonomiplan 2026-2029 slik han er lagt fram.
2. Økonomiplanen sitt første år gjeld som årsbudsjett for 2026
3. Kommunestyret vedtar driftsbudsjett 2026 i samsvar med skjema § 5-4, Bevilgningsoversikt - drift 1. og 2. ledd
4. Kommunestyret vedtar investeringsbudsjett 2026 i samsvar med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt investering, 1. og 2. ledd
5. Kommunestyret vedtek eit låneopptak pål. kr 15,100 mill til å finansiere investeringsprogrammet for 2026
6. Kommunedirektøren har mynde til å gjennomføre låneopptak jamfør økonomireglementet til Fjaler kommune
7. Gebyrsatsar vert vedteke jamfør gebyrliste i økonomiplan 2026-2029
8. I medhald til eigedomsskattelova (eskl) §§ 2 og 3 vert de skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen
9. Grunna ny almenn taksering av alle eigedomar i kommunen vert det i medhald til eigedomsskattelova §11-13 lagt fram eiga sak om fastsetting av promillestasar for skatteåret 2026 i kommunestyret i februar 2026

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Økonomiplanen har vore ut på høyring til og med 10. desember. Innkomne innspel/uttalar har fortløpande blitt lagt til som vedlegg i saka.

Tilleggsframlegg, ved/ Haugsbakk, Marte, V

10. Kommunedirektøren blir bedd om å leggje fram ei kostnadsutgreiing for gamle Fjaler ungdomsskule. Utgreiinga skal samanlikne:

- Kostnader ved vidare drift av bygget
- Kostnader ved avvikling og nedstenging
- Kostnader ved riving av bygget, inkludert miljøkonsekvensar
- Kostnader ved alternativ lokalisering av vaksenopplæringa og annan verksemd dersom bygget ikkje skal nyttast vidare

Saka blir ønskt lagt fram for kommunestyret innan 26. mars 2026.

11. Kommunedirektøren blir bedd om å leggje fram samla oversikt over kommunale bygg, tilhøyrande leigeavtar og driftsutgifter.

12. Kommunedirektøren blir bedd om å leggje fram ein oversikt over både private og kommunale vegar, med tilhøyrande kostnader knytt til vedlikehald sommar og vinter.

13. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei oversikt over den kommunale bilparken, både leasingbilar og bilar kommunen eig sjølv. Oversikta skal vise kostnad per bil, kven som brukar bilen, lengda på eventuelle leasingavtar. Formannskapet skal orienterast dersom det oppstår behov for å inngå nye leasingavtar i 2026.

14. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere om kommunen eig utstyr som er lite brukt, og som eventuelt kan seljast.

15. Eventuelle ekstra midlar over statsbudsjettet vil bli vurderte og følgde opp på eit seinare tidspunkt. Dersom enkelte budsjettpostar viser seg å vere urealistiske, skal desse prioriterast. Kommunestyret skal fatte endeleg vedtak om korleis midlane eventuelt skal nyttast.

16. I samband med handsaminga av neste års budsjett ber kommunestyret at alle einingar leverer konsekvensutgreiingar etter same mal som Helse og omsorg har brukt dette året. I tillegg skal det førast opp ei eiga kolonne som viser summen i budsjettet for føregåande år.

Kommunedirektøren kjem tilbake med ein framdriftsplan for dei ulike tilleggspunkta.

Røysting tilleggspunkt:

10-1 samrøystes

10-2 samrøystes

10-3 vart vedteke mot 5 røyster (SP)

10-4 samrøystes

11 til 15 vart vedteke mot 4 røyster (H)

16 samrøystes

Røysting: Formannskapet sitt framlegg med tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

KOM- 090/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar økonomiplan 2026-2029 slik han er lagt fram.
 2. Økonomiplanen sitt første år gjeld som årsbudsjett for 2026
 3. Kommunestyret vedtar driftsbudsjett 2026 i samsvar med skjema § 5-4, Bevilgningsoversikt - drift 1. og 2. ledd
 4. Kommunestyret vedtar investeringsbudsjett 2026 i samsvar med skjema § 5-5 Bevilgningsoversikt investering, 1. og 2. ledd
 5. Kommunestyret vedtek eit låneopptak pål. kr 15,100 mill til å finansiere investeringsprogrammet for 2026
 6. Kommunedirektøren har mynde til å gjennomføre låneopptak jamfør økonomireglementet til Fjaler kommune
 7. Gebyrsatsar vert vedteke jamfør gebyrliste i økonomiplan 2026-2029
 8. I medhald til eigedomsskattelova (eskl) §§ 2 og 3 vert de skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen
 9. Grunna ny almenn taksering av alle eigedomar i kommunen vert det i medhald til eigedomsskattelova §11-13 lagt fram eiga sak om fastsetting av promillestasar for skatteåret 2026 i kommunestyret i februar 2026
10. Kommunedirektøren blir bedd om å leggje fram ei kostnadsutgreiing for gamle Fjaler ungdomsskule. Utgreiinga skal samanlikne:
- Kostnadar ved vidare drift av bygget
 - Kostnadar ved avvikling og nedstenging
 - Kostnader ved riving av bygget, inkludert miljøkonsekvensar
 - Kostnadar ved alternativ lokalisering av vaksenopplæringa og annan verksemd dersom bygget ikkje skal nyttast vidare
- Saka blir ønskt lagt fram for kommunestyret innan 26. mars 2026.
11. Kommunedirektøren blir bedd om å leggje fram samla oversikt over kommunale bygg, tilhøyrande leigeavtalar og driftsutgifter.
12. Kommunedirektøren blir bedd om å leggje fram ein oversikt over både private og kommunale vegar, med tilhøyrande kostnader knytt til vedlikehald sommar og vinter.
13. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram ei oversikt over den kommunale bilparken, både leasingbilar og bilar kommunen eig sjølv. Oversikta skal vise kostnad per bil, kven som brukar bilen, lengda på eventuelle leasingavtalar. Formannskapet skal orienterast dersom det oppstår behov for å inngå nye leasingavtalar i 2026.
14. Kommunestyret ber kommunedirektøren vurdere om kommunen eig utstyr som er lite brukt, og som eventuelt kan seljast.
15. Eventuelle ekstra midlar over statsbudsjettet vil bli vurderte og følgde opp på eit seinare tidspunkt. Dersom enkelte budsjettpostar viser seg å vere urealistiske, skal desse prioriterast. Kommunestyret skal fatte endeleg vedtak om korleis midlane eventuelt skal nyttast.
16. I samband med handsaminga av neste års budsjett ber kommunestyret at alle einingar leverer konsekvensutgreiingar etter same mal som Helse og omsorg har brukt dette året. I tillegg skal det førast opp ei eiga kolonne som viser summen i budsjettet for føregåande år.
- Kommunedirektøren kjem tilbake med ein framdriftsplan for dei ulike tilleggspunkta.

091/25: Høyring - framtidig tenestestruktur for Vestland tannhelseteneste 2026-2036

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsinnspel til “ny tenestestruktur for Vestland tannhelseteneste 2026-2036” slik det er skildra i saksutgreiinga.

11.12.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysteing: samrøystes

KOM- 091/25 Vedtak:

Kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsinnspel til “ny tenestestruktur for Vestland tannhelseteneste 2026-2036” slik det er skildra i saksutgreiinga.